



FoU-utfordringar i kjøtt- og eggbransjen

Det er viktig for norsk kjøtt- og eggbransje å definere dei viktigaste FoU-behova som bransjen har. Noverande plan er gyldig ut 2010, og no startar arbeidet med å lage ny plan for perioden 2011-2020. Ein felles bransje vil delta i det arbeidet.

Det er viktig at mange organisasjonar vert involvert i prosessen med å utarbeide ny plan slik at dette vert eit dokument som bransjen i fellesskap kan stå bak, og som bransjen ser nytten av. Då vil det verta eit godt styringsdokument i åra framover. Samtidig er det også viktig å sjå på dei forventta rammevilkår og finansieringsmoglegheiter som vil bli i åra framover.

Organisering

Arbeidet vert koordinert av ei prosjektgruppe som består av;

- NHO Mat og Bio:
Jorunn Vormeland Dalen
- Nortura SA
Anita Mikalsen, Per Berg
- KLF
Bjørn-Ole Juul-Hansen, Mette Juberg Varan
- Animalia
Tor Arne Ruud, Ola Nafstad, Ole Alvseike, Kristian Hoel, Inghild A. Jørgenvåg (skrivar)

I tillegg vert det oppretta ei referansegruppe samt eventuelle arbeidsgrupper dersom det skulle vise seg å vera behov for det.

Seminar

For å sikre breidda i arbeidet og forankring i bransjen, er målet å starte arbeidet med eit seminar for å få fram aktuelle områder som bør inn i ein slik plan. Det er mogleg at det bør arrangerast to seminar, det vil avhenge av tema. Aktuelle deltakarar på desse seminara er faglag, bransjeorganisasjonar, avlsorganisasjonar samt relevante fagmiljø og vitskaplege miljø.

Framdrift

Arbeidet er i gang no på vårparten, og det nye dokumentet

skal vera klart før utgangen av 2010. Det betyr at det tidleg på hausten vil vera klart for det fyrste seminaret. Når eit nytt utkast til plan er klart, vil den verta sendt på høyring til aktuelle organisasjonar i bransjen.

Myndigheiter

I forbindelse med oppstarten av dette arbeidet, har Animalia hatt uformell kontakt med både Statens landbruksforvaltning (SLF), Noregs forskingsråd (NFR) og Landbruks- og matdepartementet (LMD), og dei er alle positive til at bransjen set i gang eit slikt arbeid. Dei meiner det er viktig å identifisere dei komande FoU-utfordringane for norsk kjøttindustri og at brei involvering er eit godt grunnlag for eit godt og "levande" dokument. Konkurransen om offentlege forskingsmidlar aukar, og det er viktig for bransjen å prioritere sentrale problemstillingar der det er behov for forskingsmessig utvikling.

